

# Planprogram Ny Golfbane i Sløgrandane og utviding masseuttak Mo Ljøsne, Lærdal Kommune



Sløgrandane med elva Nivla som renn gjennom området for bana.

## Tiltakshavarar

Lærdal Golfbane AS  
Postboks 115  
6887 LÆRDAL

Voll Lunde Maskin as  
Moldasida 582  
6887 Lærdal



6888 Borgund

## Innhold

1	Forord/Samandrag .....	3
2	Generelt om prosjektet og området .....	4
2.1	Bakgrunn.....	4
2.2	Beskriving av tiltaket.....	4
2.3	Område og geografisk avgrensing .....	4
2.4	Historikk.....	7
2.5	Planstatus .....	8
3	Mål.....	8
3.1	Samfunns mål .....	8
3.2	Effekt mål.....	8
3.3	Resultat mål.....	8
4	Rammer og grensesnitt .....	9
4.1	Finansiering .....	10
4.2	Tid og framdrift.....	10
4.3	Omfang .....	12
4.4	Sentrale og lokale føringar .....	12
4.5	Utfordringar.....	12
4.6	Tiltak .....	12
5	Planprosess og organisering.....	13
5.1	Planprogram .....	13
5.2	Reguleringsplan med Konsekvensutredning .....	14
5.3	Organisering .....	14
5.4	Medverknad .....	15
5.5	Tilgjengelegheit .....	15
6	Konsekvensar som skal belysast i KU.....	16
6.1	Innleiing .....	16
6.2	Metode .....	16
6.3	Aktuelle konsekvensar .....	16
7	Sikkerheit og sårbarheits analyse .....	18
8	Referansar .....	18
9	Vedlegg .....	18

### 1 Forord/Samandrag

Lærdal Golfklubb er inne i en prosess for å få godkjenning til å bygge ei 9-hols golfbane på Ljøsne. Det er arbeidd med dette sidan 2017, og areal er avklart.

Planprosessen er starta saman Lærdal Kommune.

Det er inngått rammeavtaler med grunneigarane for leige 30 år. Grunneigarane er positive, noko klubben set stor pris på.

Lærdal Golfbane AS er etablert, og vil vere ansvarleg for planarbeid, bygging og drift.

Voll Lunde Maskin as har drive uttak av massar på eigedomen gnr 6 bnr 4 sidan 1999. Det begynner å minke på massane i eksisterande uttak. Dette masseuttaket er planlagt utvida for å få ein sikrare tilgang på grusmassar i Lærdal kommune for framtida.

#### Bakgrunn for nye bana

Klubben har leigd bane i 20 år på Rikheim gard, Ljøsne. Dei ynskte ikkje å vidareføre denne leigeavtalen med klubben etter 2019. Arealet på Rikheim, om lag 110 mål dyrka jord, er no ført attende til jordbruksareal for garden.

#### Nye Bana

Også den nye bana ligg på Ljøsne, på Sløgrandane. Elva Nivla renn gjennom området og munnar ut i Lærdalselva ved Skulebrua på Ljøsne. Denne elva har endra løp og har mange småkilar som no er delvis attgrodde.

Planen er å inkludere dette elveløpet, likeins ta vare på vegetasjon langs elvane, både Nivla og Lærdalselva. Her vil klubben samarbeide med elveeigarlaget i høve opning kilar, likeins ta omsyn til innspel frå myndigheiter og andre interessantar. Ein tursti i området vil også verte teke vare på, og ny bru for den vil sikkert verte lagt merke til og satt pris på.

#### Aktivitetar

I tillegg til speleareal treng golfklubben parkering, bygg for kontor, mottak spelarar, lager, toalett.

Det er derfor parallelt med i arbeidet å leige deler av Ljøsne Skule. Kommunen er i ein prosess med å handsame byggmassen til skulen, og golfklubben voner parkering og bygg vil kunne nyttast.

Golfklubben vil respektere eksisterande tilbod på området til bana slik som gangsti, drift grustak, og området nær skulen med ballbinge og fotballplass.

#### Planar lengre fram

Om aktivitet vert som ønska så kan fasilitetar som uteplass med kiosk og garderobe/toalett nyttast av andre i aktivitet knytt til sykling på Kongevegen.

Om turisme-verksemder er interessert ville drift av en slik kiosk/kafé kunne handsamast av dei, da golfklubben ikkje har bakgrunn med slik verksemd.

#### Konsekvensutgreiing (KU)

Det er vurdert at planen er utredningspliktig etter forskrift om konsekvensutredningar §4 og §10, vedlegg II. Alle planer som krev konsekvensutredning, skal ha et planprogram. Tiltakshavarane har på bakgrunn av dette, utarbeida forslag til planprogram for det aktuelle området.

## 2 Generelt om prosjektet og området

### 2.1 Bakgrunn

Lærdal Golfklubb si golfbane, ei enkel 6-hols bane var på Rikheim gard. Golfklubben har hatt to ganger 10 års leigeavtalar med grunneigar, fram til og med 2019. Grunneigar gav klubben melding om at dei ikkje ynskte å forlenge leigeavtalen, og klubben disponerer ikkje lenger arealet på Rikheim. Golfklubben har betalt rydding og arealet (ca. 110 mål) på Rikheim er no tilbakeført til opprinneleg tilstand og er tatt i bruk att til jordbruksføremål.

Ei gruppe, valde av Lærdal Golfklubb, arbeidde for å finne nytt areal til golfbane. Det vart inngått avtale med fleire grunneigarar på Nedre Ljøsne som var villig til å skrive leigeavtale for 30 år med klubben. Det vart lyst ut oppstart av privat reguleringsplan for området, og det kom innspel. Etter nøyare vurdering viste det seg at dette prosjektet vart mykje dyrare enn først kalkulert, spesielt bru over Lærdalselva.

For nytt område, Sløgrandane, er grunneigarane med og har signert rammeavtaler for leige 30 år. Nokre hadde andre utleigeavtalar, som snart skulle gå ut, og igjen andre kom til å nytte arealet litt framover til beite. Samla var det klart at heile området kunne leigast ut til golfføremål frå 2023.

Voll Lunde Maskin as har drive uttak av massar på egedomen gnr 6 bnr 4 sidan 1999. Det begynner å minke på massane i eksisterande uttak. Dette masseuttaket er planlagt utvida for å få ein sikrere tilgang på grusmassar i Lærdal kommune for framtida.

Det vart i felles møte med Lærdal kommune, Lærdal Golfbane as og Voll Lunde maskin as einigheit om å køyre planprosessen i fellesskap.

### 2.2 Beskriving av tiltaket

Tiltaket består av å utarbeide detaljreguleringsplan for Sløgrandane etter PBL §12-3 med tilhøyrande Konsekvensutredning og nødvendige dokument.

Reguleringsarbeidet er planlagt gjennomført som ein plan der einigheit mellom alle involverte partar er avgjerande for eit god resultat.

Tiltaket består av to delar:

- Tilrettelegging for opparbeiding av ei regional 9-hols golfbane for Lærdal Golfklubb. Tiltakshavar for dette tiltaket er Lærdal Golfbane as
- Tilrettelegging for utvida masseuttak frå egedomen gnr 6 bnr 4, Mo tiltakshavar for dette tiltaket er Voll Lunde Maskin as.

### 2.3 Område og geografisk avgrensing


Planområdet ligg på Ljøsne, ikkje langt i frå Ljøsne skule, i Lærdal kommune. Området går under det lokale namnet Sløgrandane og består for det meste av krattskog, utmark og beite. Noko av arealet er fulldyrka jfr eigen tabell.

## Planprogram Ny Golfbane i Sløgrandane og utviding masseuttak Mo



Geografisk plassering av område (markering midt i bilde)

Samla areal i planen er på ca. 230 000 m<sup>2</sup> - 230 mål.



Samla Planområde markert i raud

[www.metopro.no](http://www.metopro.no) – [post@metopro.no](mailto:post@metopro.no)

Området vil ha to tiltakshavarar som vil ha forskjellige føremål i planen, men det er i prosessen einigheit om å køyre felles planprosess:


### Lærdal Golfbane

- Området ligg på motsett side av elva for Ljøsne Skule, rett aust for Skulebrua over Lærdalselva.
- Målsetninga er å opparbeide ei 9-hols bane i området.
- Grunneigarane er med, og rammeavtalar for leiegavtale på 30 år er signerte.
- Aktuelt område utgjer om lag 170 mål.



### Utviding masseuttak Mo

- Eksisterande masseuttak har eit areal på 25 mål (grå)
- Nytt uttak har eit areal på 35 mål (rosa)
- Uttaket har eit massepotensiale på 600.000 m<sup>3</sup> faste massar
- Eksisterande uttak vil etter uttak av massar bli opparbeida til dyrka mark eller inngå i arealet til golfbane.



### 2.4 Historikk


Lærdal Golfklubb vart starta 01.01.2000. Vi tilhøyrar Norges Golfforbund, som er eit særforbund i NIF. Klubben har over 400 medlemmer, mange frå nærområdet, men også ein del fjerntmedlemmar. Klubben har eiga heimeside, legk.no, samt ei facebookside, Lærdal golfklubb.

Lærdal Golfklubb si golfbane, ei enkel 6-hols bane var på Rikheim gard. Golfklubben har hatt to ganger 10 års leigeavtalar med grunneigar, fram til og med 2019. Grunneigar gav klubben melding om at dei ikkje ynskte å forlengje leigeavtalen, og klubben disponerer ikkje lenger arealet på Rikheim. Golfklubben har betalt rydding og arealet (ca. 110 mål) på Rikheim er no tilbakeført til opprinneleg tilstand og er tatt i bruk att til jordbruksføremål.

Ei gruppe, valde av Lærdal Golfklubb, arbeidde for å finne nytt areal til golfbane. Det vart inngått avtale med fleire

grunneigarar på Nedre Ljøsne som var villig til å skrive leigeavtale for 30 år med klubben. Det vart lyst ut oppstart av privat reguleringsplan for området, og det kom innspel. Etter nøyare vurdering viste det seg at dette prosjektet vart mykje dyrare enn først kalkulert, spesielt bru over Lærdalselva.

For nytt område, Sløgrandane, er grunneigarane med og har signert rammeavtaler for leige 30 år. Nokre hadde andre utleigeavtalar, som snart skulle gå ut, og igjen andre kom til å nytte arealet litt framover til beite. Samla var det klart at heile området kunne leigast ut til golfføremål frå 2023.



Foreløpig skisse golfbane

Voll Lunde Maskin AS, er et maskinentreprenørfirma røtter tilbake til 1958, med omsetning i 2018 på ca. 23 mill. kroner og har 10 tilsette.

Voll Lunde Maskin AS har sentral godkjenning, og er medlem av Maskinentreprenørenes Forbund


Voll Lunde Maskin as har drive uttak av massar i området sidan 1999. I same plan er det planlagt å utvide eksisterande masseuttak på gnr 6 bnr 4. Det er gjort avtale med grunneigar om uttak av massane. Massane blir sortert og frakta ut på bil på Mosvegen.

## 2.5 Planstatus

Gjeldande arealplan for området er Kommunedelplanen for E-16 Tønjum Ljøsne (2011) med føremål LNF og Råstoffutvinning. Ny arealdel av kommuneplan for heile Lærdal kommune er under utarbeiding og begge tiltaka har blitt varsla inn i denne prosessen Kommuneplanens samfunnsdel vart vedteken i 2018.

Det er ikkje utarbeida reguleringsplan for området.

Det er gitt konsesjon for utvinning av grusmassar i eksisterande masseuttak



Utsnitt kommunedelplan for området

## 3 Mål

### 3.1 Samfunns mål

Samfunns mål skal beskrive kva samfunnsutvikling planen legg til rette for, og kva verking dei har på samfunnet.

- Sikre arealbuffer mot Lærdalselva
- Sikre inntekt for utleigar av areal
- Tilrettelegging av turstiar i området
- Golf er god folkehelse, og ein kan spele uavhengig av alder.
- Golf er ein godt likt fritidsaktivitet. Særforbundet NGF har 100 000 medlemmer
- Golf engasjerer spelarar av begge kjønn, heile familiar, og aldrar frå tre år og oppover.
- Tilgang på gode grusmassar er av avgjerande for utvikling av Lærdalssamfunnet

### 3.2 Effektmål

Effektmåla er knyta opp mot planens verkingar for brukarar.

- Tilrettelegging for ei regional golfbane for mange brukarar
- God folkehelse
- Aktive brukarar som følgje av eit flott og tilrettelagt golfanlegg
- Kort transport av massar gjev stor økonomi- og miljøgevinst

### 3.3 Resultatmål



I planfase må det settast resultatmål for tema som HMS (sikkerheit, helse, arbeidsmiljø og ytre miljø), økonomi, framdrift og kvalitet, både i prosjektets planfase, og knyta til ferdig bygd, samt å drifta ferdig prosjekt.

For økonomi vil det for eksempel være eit resultatmål som er kostnadsestimat for planfasen, og kostnadsmål, styringsmål og prosjektmål for dei ferdige prosjekta.

- Til 2019 - Sjølvkost og Tilskot  
Golfbana driftast til sjølvkost og Lærdal Golfklubb har ikkje motteke anna tilskot enn det som er vanleg for idrettslag og -klubbar så som NIF sitt tilskot til idrett for barn og unge, grasrotandelen og MVA-refusjonsordninga.  
Lærdal Golfklubb har blitt styrt som ein dugnadsklubb utan godgjersle til Styret. Klubben har ikkje hatt dagleg leiar; det administrative har vært fordelt i Styret.  
Lærdal Golfklubb har hatt fem-månaders engasjement for greenkeeper kvart år.
- Frå 2021 - Nye bana Sjølvkost og Tilskot, Tilsette  
Det er mål for nye bana å drifte på same vis.  
Må sjå på behov; ei 9-hols bane er cirka 50 % større enn ei 6-hols bane i areal.

## 4 Rammer og grensesnitt

Ytre rammer for planen er lagt og vist i pkt 2.3.

Rammer mellom Lærdal Golfbane as og masseuttaket ved Voll Lunde Maskin er avgjerande for ei god løysing for begge partar. Begge partar har avtalar med grunneigarar, og ein etterstrevar å få ein god dialog med involverte myndigheiter og elveigarar i planarbeidet.



Oversikt grunneigarar

## Planprogram Ny Golfbane i Sløgrandane og utviding masseuttak Mo

Rammeavtalar - Grunneigarar, Eigedommar og Areal (kvadratmeter).

Areal i kvadratmeter				Innmark	Utmark	Note 5	Note 7	Note 7		Note 6	Note 6
Namn		Gardsnr	Bruksnr	Leigd	Leigd	Areal	Innmark	Utmark	Sum	Areal	Lengde
Erling Mo	Note 1, 2	6	4	33900		101584	37300		37300	3400	170
Kåre Blaafiat		8	6		38487	38487		38487	38487		
Viktor Yttri	Note 3	8	14	12114		12114	12114		12544		
					430	430	430				
Olav Ørbeck Mo	Note 2	9	9	5490		7990		7990	7990	2500	125
Jens Reidar Ljøsne	Note 2	9	1	5965		9465		9465	9465	3500	175
Steinar Starheimsæter	Note 4, 8	8	12	18540	12360	34359	0,60	0,40	30900		
Stian Fagerlund	Note 5, 8	8	11	14160	9440	54637	0,60	0,40	23600		
Elisabeth Rumohr	Note 2	8	1		15484	16084		16084		600	30
				<b>78714</b>	<b>87656</b>						
Finn Mo, Jan Mo		6	3								

- Note 1 Areal for 6/4 inneheld sandtak som ikkje skal med i leigd areal.
- Note 2 Areal langs Lærdalselva har en 20 meter sone som er verna, den skal ikke med i leigd areal.
- Note 3 Viktor Yttri, 8/14 areal er ikkje heile areal 8/14 da eigedommen fortsetter på andre sida av elva - det arealet skal ikke med.
- Note 4 Del av areal skal leiges, grense må teiknes inn.
- Note 5 Fra Monika Lysne
- Note 6 Lengde elvebreidd Lærdalselva (sirka) fra Norgeskart.no. Areal Elv.20m beregna som Lengde \* 20 meter.
- Note 7 Nokre tal fra Norgeskart.no ved golfklubben.
- Note 8 Tal 0.60 og 0.40 er fordeling innmark og utmark, det må grunneigar bestemme.

### 4.1 Finansiering

Finansiering for utarbeiding av planarbeid med tilhøyrande KU vil bli delt mellom partane etter inngått avtale.

Finansiering av dei totale sluttprosjekta vil bli utarbeida og dekkja av kvar enkelt part.

### 4.2 Tid og framdrift

Arbeidet med ny golfbane og utviding av uttak på Mo har vore tema over lenger tid i Lærdal kommunestyre, samt vore tema i Regionalt planforum. Det er avhalde fleire drøftingsmøte og synfaringar med begge tiltakshavarar.

Arbeid med ny bane starta da golfklubben fekk avklart at leigeavtalen for gamle golfbana på Rikheim ikkje ville halde fram etter 2019. Tidleg 2017 vart det etablert arbeidsgruppe i golfklubben, satt annonse i Sogn Avis og fleire grunneigarar vart med.

Lærdal Næringsutvikling ved Arve Tokvam var tidleg med og bidrog med lokale og kontaktar.

## Planprogram Ny Golfbane i Sløgrandane og utviding masseuttak Mo

Tabell Aktivitet og framdrift

Aktivitet	Tidspunkt
Møte hos LNU (Arve Tokvam) med Lærdal Kommune (Jan Geir Solheim, Magnhild Aspevik, Monika Lysne) og Lærdal Bondelag (Njal S. Golf)	10. mars 2017
Fleire møte med grunneigarar på Håbakken og hos LNU, signering rammeavtaler for feste 30 år	Mars 2017 til Juni 2019
Møte Lærdal kommune med synfaring Utviding grustak	August 2018
Norges Golf forbund ved Pål Melbye på synfaring	August 2018
LNU støtte forprosjekt kr. 125000 - Llever av BDO ved Harald Husabø	Juni 2019
Golfklubben presentert prosjekt for Kommunestyret	19. juni 2019
Vedtak om oppstart av planarbeid (og vedtak om offentlig høyring av planprogram) i Kommunestyret	19. juni 2019
Kunngjering av oppstart og høyring av planprogram (Nedre Ljøsne)	Fram til 10. august 2019
Stopp første baneområdet grunna ny kalkyle bru	August - September 2019
Avklaring med grunneigarar nytt areal ved Ljøsne Skule, Sløgrandane, og signering rammeavtaler om feste 30 år	Oktober 2019 til Februar 2020
Oppstartmøte med Monika Lysne, Alf Magne Hjellum	11. november 2019
Golfklubben presentert prosjekt for Formannskapet	14. november 2019
Ekstraordinært Årsmøte i Lærdal Golfklubb som godkjente ny plan	20. november 2019
Prosjekt presenter ved arrangement LNU	11. desember 2019
Kunngjering av oppstart og høyring (på Sløgrandane)	14. desember 2019 til 3. februar 2020
Etablert Lærdal Golfbane AS som er eigd av Lærdal Golfklubb	Mars 2020
Samarbeide med Ola Inge Voll-Lunde om felles planprosess	Mars 2020
Politisk handsaming av planprogram	April 2020
Høyring av planprogram	Mai 2020
Naudsynte undersøkingar i forhold til KU	Mai-August 2020
Utarbeiding av privat reguleringsplan	Mai-Oktober 2020
Framlegg Endeleg plan for politisk handsaming	Oktober 2020
Utlegging av endeleg plan	Okt-Nov 2020
Vedtak av endeleg plan (forutset ei utlegging)	Desember 2020
Finansiering og avtalar	Vår 2021
Start bygging	Vår 2021

### 4.3 Omfang

Omfang som ligg til grunn for reguleringsarbeidet er utbygging av ei fullverdig 9-hols golfbane for Lærdal Golfbane as, samt legge til rette for konsesjonssøknad for uttak av massar i eit utvida masseuttak. Tilhøyrande anlegg som er nødvendig for å drifte uttak, samt ei fullverdig golfbane må tilretteleggjast for i planen så som klubbkontor, lager, parkering for gjestar med meir

Kost nytte analysar skal ligge til grunn for gjennomføring, og ein vil ettersteva effektiv utnytting av kostnader opp mot nytte.

### 4.4 Sentrale og lokale føringar

- Plan- og bygningslova
- Forureiningslova
- Kulturminnelova
- Vassressurslova
- Naturmangfaldlova
- Minerallova
- T-2/01 Om arealplanlegging og golfbaner
- Forskrift om konsekvensutredningar
- Kommuneplan for Lærdal kommune (2008)
- Kommunedelplanen for E-16 Tønjum Ljøsne (2011)

Lista er ikkje uttømmande

### 4.5 Utfordringar

- Området er stort og det ligg tett opp i mot anadrome vassdrag med både Lærdalselva og Nivla.
- Sløgrandane ligg inne i Utvalde kulturlandskap.
- Nærheit til bebyggelse, turveggar og fiske
- Eit viktig omsyn i planlegginga er sikkerheit – bana skal følgje Norges Golf forbund sine råd for legging trase for spel og ta naudsynt omsyn til naboskap og anna aktivitet i området.

### 4.6 Tiltak

Av tiltak som kan nemnast allereie no i planprogrammet er å ta vare på så mykje av vegetasjonen som mogleg, undersøke om det er gamle kilar i elveløpet som kan auke oppvekstvilkåra for aure og laks, ta vare på dei kulturminna som er av interesse i området, samt ta i vare anna aktivitet som for eksempel turstiar og fiske.

Historisk interesse; Utdrag frå tekst frå Stian Fagerlund

*Innanfor planområdet har eg grensemerke mot NV. Dette merket er teke vel vare på og er gamalt*

[www.metopro.no](http://www.metopro.no) – [post@metopro.no](mailto:post@metopro.no)

(tidleg 1900).

*Gjennom planområdet gjekk tidlegare hovudvegen til Mo og truleg også vegen vidare opp mot Hønjum. Eit brukar er det einaste som står att som synleg teikn på denne gløymde vegen.*



Foto 1976, kartverket

*Gjennom planområdet har det tidlegare gått eit utal av vassvegar. Det er tydelege spor etter desse vassvegane. Desse vassvegane og spesielt Lomenskarløpet tok av for flaumtoppar. Lomenskarløpet var og viktig gyte plass for aure/laks, om haustane var løpet fult av stor fisk. Eg ynskjer at tiltakshavar ser på moglegheitene for å opna opp att nokre av desse vassvegane til felles nytte som gyteområde, avlastning for flaum og for golfbanen som vatningsvatn og vasshinder.*

## 5 Planprosess og organisering

### 5.1 Planprogram

Reguleringsarbeidet er ein detaljreguleringsplan av området etter PBL §12-3

Det er vurdert at planen er utredningspliktig etter forskrift om konsekvensutredningar. Alle planer som krev konsekvensutredning, skal ha et planprogram. Tiltakshavarane har på bakgrunn av dette, utarbeida forslag til planprogram for det aktuelle området.

Planprogrammet skal gjera greie for kva problemstillingar planarbeidet er ment å omhandla, og korleis planprosessen skal gjennomførast. Programmet skal vise kva utredningar som er nødvendige for å gje eit godt grunnlag for gjennomføring.

Alle merknader til planprogrammet skal behandlast i ein eigen merknadsrapport, og planprogram skal justerast i tråd med merknadsrapporten. Endeleg vedteke planprogram skal ligge til grunn for det vidare planarbeidet.

### 5.2 Reguleringsplan med Konsekvensutredning

Planprosessen blir lagt opp etter forskrift om konsekvensutredningar. Forskrifta stiller prosess- og dokumentasjonskrav til planar som kan ha vesentlege verkingar i forhold til ressurs, miljø og samfunn. Det følger derfor at det er planforslaget spesifikke konsekvensar som skal undersøkast.

Arbeidet med reguleringsplan og konsekvensutredning skal basere seg på dei tema som blir lagt til grunn i planprogrammet, og dei innspel som kjem i forbindelse med behandling av dette. Reguleringsplanen vil bestå av plankart, reguleringsføresegner, planbeskriving, ROS-analyse, merknadsrapport og evt. sær/fagrapportar. Plankartet og føresegnene vil være dei juridisk bindande dokumenta. Konsekvensutredninga vil inngå som et eige kapittel i planbeskrivinga. Reguleringsplanarbeidet vil føregå parallelt med baneplanlegging og finansieringsplan.

### 5.3 Organisering

#### Tiltakshavar 1:

#### Lærdal Golfbane AS

Org.nr. 924831405

[post@legk.no](mailto:post@legk.no)

[www.legk.no](http://www.legk.no)

Telefon: 90 01 70 90 (Lorentz Petter Lossius)

Adresse	Postadresse
Lærdal Golfbane AS	Lærdal Golfbane AS
c/o Odd Inge Mo	Postboks 115
Saltkjelen 64	6887 Lærdal
6887 Lærdal	

*Styret i Lærdal Golfbane AS*

Lærdal Golfbane AS	Org.nr. 924831405	Telefon
Lorentz Petter Lossius, Styreleiar	<a href="mailto:petterloss@gmail.com">petterloss@gmail.com</a>	90017090
Odd Inge Mo	<a href="mailto:oimo@sogn.no">oimo@sogn.no</a>	99703595
Gerd Skalle	<a href="mailto:askalle@online.no">askalle@online.no</a>	90043367
Jørn Eldegard	<a href="mailto:Jorn.Eldegard@hydro.com">Jorn.Eldegard@hydro.com</a>	92856349
Ståle Øvstetun	<a href="mailto:stale@impec.no">stale@impec.no</a>	90547651
Vara Mats Karlsson		99610751
Vara Morten Asperheim		90676960

#### Lærdal Golfklubb

Postboks 115

6887 Lærdal

Org.nr 983 897 126 (Grasrotandel)

#### Prosjekt, Forprosjekt golfbane

Harald Husabø, BDO Årdal

Telefon: 95 02 81 50

Harald Husabø [harald.husabo@bdo.no](mailto:harald.husabo@bdo.no)

### **Tiltakshavar 2:**

#### **Voll Lunde Maskin as**

Moldasida 582

6887 Lærdal

Org.nr. 989 024 574

Ola Inge Voll Lunde [post@voll-lundemaskin.no](mailto:post@voll-lundemaskin.no)

Telefon: 97 08 23 26

[www.volllundemaskin.no](http://www.volllundemaskin.no)

### **Kontaktperson planprogram:**

Meto Pro as

v/Trond Øyen Einemo

Stondi 313

6888 Borgund

[toe@metopro.no](mailto:toe@metopro.no)

Telefon: 91 62 00 86

[www.metopro.no](http://www.metopro.no)

## 5.4 Medverknad

Regelverket i plan- og bygningsloven sikrar at ein i plansaker får ei brei medverknad i heile planprosessen. Gjennom høyring av planprogrammet blir det opna for å påverke kva spørsmål som er viktige, og av den grunn bør undersøkast.

Ved varsel om oppstart av planarbeidet, kan styresmakter og andre interessentar komme med merknader og innspel til planen.

For å sikre dette arbeidet vil det bli sendt ut på høyring til alle aktuelle høyringsinstansar og organisasjonar, samt annonsert i media og på nett. Det vil verte vurdert om det er behov for eit folkemøte for å informere, samt å høyre kva innspel folk og andre interessentar har til planane.

Dei viktigaste interessentane er kartlagt til å være:

- A. Den som er oppdragsgivar
- B. Den som skal bygge og drifte resultatet
- C. Den som skal bruke resultatet
- D. Den som skal godkjenne resultatet
- E. Den som skal godkjenne at aktiviteten gjennomførast og måten den blir gjennomført på (prosess)
- F. Den som blir påverka av resultatet
- G. Den som leverer kunnskap og ressursar

## 5.5 Tilgjengelegheit

Planprogram med alle tilhøyrande dokument vil være tilgjengeleg for alle som ynskjer innsyn, eller å bruke som grunnlagsdata. Dette vil være tilgjengeleg via kommunen sine nettsider, samt på nettsida til Lærdal golfklubb. Det vil være råd å få utskrifter eller tilsend den informasjon som er ynskjeleg til ei kvar tid.

## 6 Konsekvensar som skal belyst i KU

### 6.1 Innleiing

Konsekvensutredninga skal utførast ifylgje Plan- og bygningsloven, kapittel 14, §14-2, og Forskrift om konsekvensutredning §4 og §10 vedlegg II. Dette inneberer at det i planforslaget vesentlege konsekvensar vil bli vurdert ut frå verdi og omfang. Konsekvensutredninga vil også omfatte en anbefaling og forslag til avbøtande tiltak. Konsekvensane skal vurderast ved hjelp av synfaringar, undersøkingar i felt, kartmaterieil, evt. landskapsmodellar, flyfoto, skråfoto og informasjon innhenta frå nasjonale databasar.

### 6.2 Metode

Områdets verdi innanfor kvart enkelttema er vurdert og beskrive i en kort tekst basert på innhenta data. Omfanget av forventa endringar i området som følgje av tiltak etter ny reguleringsplan er vurdert i forhold til 0-alternativet (dagens situasjon med forventa utvikling utan endring i føremålet i området).

Innanfor kvart enkeltområde vil det bli ein samla, skriftleg vurdering av konsekvensar for alle utredningstema. Samvirke mellom enkeltkonsekvensar vil bli beskrive der dette er aktuelt. Andre føreliggande forhold som ikkje inngår direkte i temaet, men er relevante for området, vil bli kommentert.

For å forenkla den samla lesbarheita i KU'en, blir dei verbale vurderingane supplert med en forenkla framstilling av konsekvensane av planendringa. Konsekvensane blir generalisert i kategoriane med fargekode:

	Liten negativ, ingen eller positiv konsekvens
	Middels eller usikker negativ konsekvens
	Stor eller svært stor negativ konsekvens

### 6.3 Aktuelle konsekvensar

#### 6.3.1 Landskapsbilde

Tema landskapsbilde, omhandlar estetiske verdiar i landskapet og den visuelle opplevinga av omgjevnadane. Temaet tek føre seg både korleis tiltaket er tilpassa, eller påverkar landskapet og opplevinga av landskapet.

- Det skal gjerast en vurdering av tiltakets landskapstilpassing, med fokus på terrengtilpassing, skala, inngrep og installasjonar.

Eventuelle avbøtande tiltak skal beskrivast.

#### 6.3.2 Nærmiljø og friluftsliv

Nærmiljø omfattar heilheita i folks daglege livsmiljø. Tradisjonelt omfattar temaet både sosiale og fysiske forhold, men er i denne samanheng avgrensa til de meir fysiske forhold som har betydning for nærmiljøet.

Friluftsliv omfattar opphald og fysisk aktivitet i friluft, med sikte på miljøforandring, mosjon,



rekreasjon, naturopplevingar, jakt og fiske.

- Det skal vurderast korleis tiltaket svekker, eller bedrar dei fysiske forholda for trivsel, samvær og fysisk aktivitet i uteområda.
- Det skal vurderast korleis tiltaket påverkar tilgjengelegheit til planområdet
- Det skal vurderast kva effekt tiltaket har for syklende og gåande i området.
- Universell utforming og tilgjengelegheit skal vurderast der dette er naturleg.

Eventuelle avbøtande tiltak skal beskrivast.

### 6.3.3 Naturmiljø

Tema naturmiljø omfattar fysiske omgjevnader med vekt på naturgitte forhold. Tema som inngår her er botanikk, dyre- fiske- og fugleliv, samt biologisk mangfald.

- Konsekvensar for verneområde, naturtypar, trua og sårbare arter, økologiske funksjonsområder og geologiske element skal vurderast, for permanent løysning, og byggeperiode.

Eventuelle avbøtande tiltak skal beskrivast.

### 6.3.4 Kulturmiljø og kulturminne

Temaet omfattar automatisk freda kulturminne, det vil seie kulturminne frå før 1537, nyare tidskulturminner, samiske kulturminne, samt kulturmiljø i planområdet. Kulturminne er knyta både til bebyggelse og til automatisk freda areal og / eller objekt.

- Det skal gjerast en vurdering av tiltakets konsekvensar for automatisk freda kulturminne, nyare tidskulturminner, samt kulturmiljø i planområdet.

Eventuelle avbøtande tiltak skal beskrivast.

### 6.3.5 Naturressursar

Temaet omfattar blant annet konsekvensar knyta til landbruk, skogbruk, jakt og fiske, vannressurs, berggrunn og laus-masser som ressurs.

- Det skal gjerast en vurdering av kva konsekvensar tiltaket har for jord- og skogbruk.
- Bruk av/konsekvensar for landbruksjord skal spesifiserast særskilt.
- Det må lages arealregnskap over beslag av ulike typar jord og til kva formål.

Eventuelle avbøtande tiltak skal beskrivast.

### 6.3.6 Støy og ureining

Konsekvensar av støy for bustader skal beskrivast opp mot Miljøverndepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442.

Konsekvensar med omsyn på alle typar ureining skal vurderast og beskrivast.

Eventuelle avbøtande tiltak skal beskrivast.

### 6.3.7 Grunnforhold, ras, skred, flaum og klima

Det skal gjerast ei vurdering av kva konsekvensar tiltaket har for ras, skred og flaum. Framtidige klimaendringar vil og være eit tema som skal vurderast.

## 7 Sikkerheit og sårbarheits analyse

Risiko- og sårbarheits analyser inneberer å kartlegge kva uønskte hendingar som kan inntreffe. Med uønskte hendingar meina ein hendingar som kan representere fare for folk, miljø, klima, økonomiske verdiar og samfunnsviktige funksjoner.

### Utredningsbehov

Det skal utførast en risiko- og sårbarheits analyse tilpassa plannivået. Ein ROS-analyse må i tillegg til skred, flaum og klima, også utreie planområdet generelt og med omsyn til ytre miljø. Forhold som gjelder bygge- og driftsfasen skal og omtalast i analysen.

## 8 Referansar

<https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan--og-bygningsloven/plan/ku/veiledning-om-konsekvensutredninger/id2437717/>


[https://www.regjeringen.no/contentassets/167047e811414896b04ec2504dd63995/veileder\\_kuf\\_orskriften\\_vesentlige\\_virkninger.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/167047e811414896b04ec2504dd63995/veileder_kuf_orskriften_vesentlige_virkninger.pdf)

<https://www.fylkesatlas.no/>

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-201-om-arealplanlegging-og-golfbaner-/id279088/>

## 9 Vedlegg

Merknadsrapport Sløgrandane m vedlegg



Utskrift Fylkesatlas Vestland med nokon utvalde tema